

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest v/Eli Marita Vik Næss  
Sak nr.: 18/8484-1

## **Fv 607 Brensdalstunnelen - søknad om fråvik frå krav til lyssetjing**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Det vert gjeve fråvik frå krav til lyssetjing i fv. 607 Brensdalstunnelen.

### **Vedlegg:**

#### **Andre relevante dokument i saka:**

[N500 Vegtunnelar](#)


---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Fv. 607 Brensdalstunnelen er ein 128 meter lang tunnel i Hyllestad kommune. Tunnelen stod ferdig i 1973. Tunnelen har fått vedlikehaldsmidlar i 2018 til m.a. lyssetjing.



Grunnen til at saka er tremjå

Det vert søkt om fråvik frå handbok N500, 9.3 Belysning, tabell 9.1, krav til luminans. Luminans er eit mål på lysstyrke.

Kravet er at vegtunnelar med lengde over 100 meter skal belyst i samsvar med slike krav:

**Tabell 9.1** Krav til midlere kjørebaneluminans, gitt for ADT(10). Innkjøringssonens første halvdel om dagen er angitt som prosent av adaptasjonsluminansen, og indre sone er angitt i cd/m<sup>2</sup>

ADT (10) Sone \ Fartsgrense	< 4 000		4 000–12 000		> 12 000	
	60 km/t	80 km/t	60 km/t	80 km/t	80 km/t	110 km/t
Innkjøringszone dag	2,00 %	3,00 %	3,00 %	4,00 %	5,00 %	7,00 %
Indre sone dag	2,00 cd/m <sup>2</sup>	2,00 cd/m <sup>2</sup>	2,00 cd/m <sup>2</sup>	2,00 cd/m <sup>2</sup>	4,00 cd/m <sup>2</sup>	4,00 cd/m <sup>2</sup>
Alle soner natt	1,00 cd/m <sup>2</sup>	1,00 cd/m <sup>2</sup>	1,00 cd/m <sup>2</sup>	1,00 cd/m <sup>2</sup>	2,00 cd/m <sup>2</sup>	2,00 cd/m <sup>2</sup>
Alle soner kl. 00–05	0,50 cd/m <sup>2</sup>	0,50 cd/m <sup>2</sup>	0,50 cd/m <sup>2</sup>	0,50 cd/m <sup>2</sup>	1,00 cd/m <sup>2</sup>	1,00 cd/m <sup>2</sup>

Det aktuelle tiltaket som Statens vegvesen vil etablere gir ein luminans på:

1,56 cd/m<sup>2</sup> for indre sone på dagtid, medan kravet er 2,00 cd/m<sup>2</sup>.

0,61 cd/m<sup>2</sup> for alle soner natt på, medan kravet er på 1,00 cd/m<sup>2</sup>.

Dette vil gje noko mindre lysstyrke enn kravet i handbok N500.

Dette er eit såkalla «skal» krav. Det er Fylkesutvalet som har mynde til å godkjenne slike fråvik frå vegnormalane.

#### Tidlegare vedtak

Anlegget som no er planlagt bygd i Brensdaltunnelen er planlagt tilsvarande det som er bygd i Svoragrov-tunnelen på fv. 724 der det vart gitt tilsvarande fråvik i FU-sak 88/17. Anlegget er planlagt utlyst i same entreprise som for fv. 575 Berleporten som har fått godkjent tilsvarande fråvik i FU-sak 73/2018.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

### Konsekvens for tryggleik (for trafikantane):

Fråviket gir noko mindre lysmengde. Tunnelen er per i dag utan lys. Tiltaket vil auke trafikktryggleiken betydeleg, sjølv med fråvik frå belyningskravet.

### Konsekvensar for miljøkvalitet, ytre miljø og HMS:

Fråviket vil føre til mindre straumforbruk over lang tid, og vil derfor virke positivt på ytre miljø.

### Konsekvensar for økonomi:

Fråviket gir store innsparingar både for bygging, drift og langsiktig vedlikehald. Årlege straumkostnader vil verte reduserte med ca. 60.000 kr og investeringskostnadene vert redusert med 800.000 kr inkl. mva.

### Konsekvensar for drift og vedlikehald:

Fråviket vil lette arbeidet med vedlikehald, då det vert færre armaturar og enklare styring.

### Avbøtande tiltak

Det er ikkje føreslege avbøtande tiltak.

### Vurdering

Lysanlegget vil gje eit betydeleg løft frå dagens standard. Tunnelen har låg årsdøgntrafikk jamt over heile året. Tunnelen er kort med svak kurve.

Fråviksgruppa til Statens vegvesen har handsama fråvikssøknaden og tilrår at det vert gjeve fråvik. Dette fordi kravet er mest aktuelt for høgt trafikkerte tunnelar, og fordi den omsøkte løysinga vil gje ei betydeleg forbetring samanlikna med dagens situasjon. Fråviket gir og positive økonomiske konsekvensar

## **4. Konklusjon**

Det er økonomiske omsyn som gjer at Statens vegvesen ønskjer å fråvike krava i vegnormalen i denne saka. Fråviksnemnda til Statens vegvesen rår til at søknaden vert godkjent.

Å vurdere fråvik der det er mogeleg er i tråd med tidlegare politiske signal og høyringsframlegg til Regional transportplan 2018-2027.

Fylkesrådmannen tilrår at søknaden om fråvik frå krava til belysning i tunnel i handbok N500 vert godkjent.